



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 28 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2024 under Kunnskapsdepartementet

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kunnskapsdepartementet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2024.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2024

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

Post 21 Særskilde driftsutgifter

KUDAF – Kunnskapssektorens datafelleskap er eit program i HK-dir som skal sørge for betre oversikt over kva data kunnskapssektoren sit på, og gjere det enklare å utveksle data. Som følge av mindreforbruk i programmet foreslår departementet å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga med 6 mill. kroner som følge av mindreforbruk til forskning på digitalisering i grunnopplæringa.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7,7 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Som følge av nye anslag for oppdragsinntekter foreslår departementet at inntektskravet under kap. 3320, post 01 blir redusert med 1,7 mill. kroner, mot tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 220, post 21.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet*Post 01 Inntekter frå oppdrag*

Som følge av nye anslag for oppdragsinntekter foreslår departementet at inntektskravet under kap. 3320, post 01 blir redusert med 1,7 mill. kroner, mot tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 220, post 21.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner for berekna verknad av lønnsopp-gjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester*Post 01 Driftsutgifter*

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino flytta i 2024 inn i nytt bygg, sam-lokalisert med Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner som følge av ekstra kostnader den samiske vidaregåande skulen har i samband med flyttinga.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av inntektsløyvinga på kap. 3222, post 02.

Departementet foreslår vidare å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner for berekna verknad av lønnsopp-gjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 12,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner til betre tilpassing av eksisterande lokale ved Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester*Post 02 Salsinntekter o.a.*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,2 mill. kroner som følge av høgare inntekter frå

sal av fjernundervisningstenester frå Sørsamisk kunnskapspark og dei statlege samiske vidaregå- ande skulane i Kautokeino og Karasjok enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2024.

Kap. 223 Diamanten skole*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner for berekna verknad av lønnsopp-gjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,1 mill. kroner for berekna verknad av lønnsopp-gjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 61 Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 17 mill. kroner som følge av færre søknader om rentekompensasjon hausten 2024 enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2024. Ordninga blei lyst ut 1. juli 2024.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,6 mill. kroner på grunnlag av oppdaterte anslag for utgiftsbehovet på posten. Auken i løyving-behovet kjem særleg av at fleire elevar i grunn-skulen utløyser tilskot enn lagt til grunn i gjeld- ande budsjett.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 98 mill. kroner som følge av at færre elevar utløyser tilskot enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 17 mill. kroner som følge av at rentesatsane i ordninga blei høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner som følge av mindreforbruk til studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen i høve til Saldert budsjett 2024.

Post 74 Prosjekttilskot

I 2024 er ordninga for prosjekttilskot retta mot tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing og prosjekt som stimulerer til auka leseferdigheiter og leselest. Etter at Utdanningsdirektoratet har avslutta søknadsbehandlinga for 2024 er det eit mindrebehov på 3,1 mill. kroner, og departementet foreslår derfor å redusere løyvinga tilsvarende.

Post 75 Grunntilskot

Ved ein utrekningsfeil blei det gitt eit lågare tilskot til ein skilde organisasjonar i budsjettåret 2024, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 0,4 mill. kroner.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

Post 04 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklingshjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 135,9 mill. kroner. Reduksjonen skuldast særleg lågare utgifter til opplæring av flyktningar frå Ukraina på kap. 225, post 64 enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2024.

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.

Post 70 Private grunnskular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 140,8 mill. kroner i hovudsak som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett 2024.

Post 71 Private vidaregåande skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 23,6 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett 2024.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,4 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2024.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner i hovudsak som følge av endring i elevsamansetjinga i høve til det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2024.

Post 74 Private vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner, i hovudsak som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2024.

Post 75 Private skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 56,3 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2024.

Post 76 Andre private skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,1 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2024.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Den tysk-norske skolen i Oslo har uventa økonomiske utfordringar. Utfordringane kjem mellom anna frå ein flytteprosess som har vorte dyrare enn venta. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 16 mill. kroner. Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga på posten med 0,7 mill. kroner som følge av endring i elevsamansetjinga i høve til det som var lagt til grunn for gjeldande budsjett for 2024.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 15,3 mill. kroner.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,9 mill. kroner som følge av at det berre var to skular som til saman hadde åtte elevar på utveksling gjennom ordninga i skuleåret 2023–24.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kroner som følge av færre søknader frå private skular til redusert foreldrebetaling enn lagt til grunn i Saldert budsjett for 2024.

Kap. 229 22. juli-senteret

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,4 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjæret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 11,5 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjæret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Som følge av reduserte inntekter frå kurs og konferansar og frå sal av læremiddel dei siste åra foreslår departementet at inntektskravet under kap. 3230, post 02 blir redusert med 4,3 mill. kroner, mot tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 230, post 01.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 7,2 mill. kroner.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk teneste

Post 02 Salsinntekter o.a.

Som følge av reduserte inntekter frå kurs og konferansar og frå sal av læremiddel dei siste åra foreslår departementet at inntektskravet under kap. 3230, post 02 blir redusert med 4,3 mill. kroner, mot tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 230, post 01.

Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Veia

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjæret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 253 Folkehøgskular

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Øyrekka Folkehøgskole AS er lagd ned frå 31. juli 2024, og det skal ikkje utbetalast tilskot til skulen for fjerde kvartal 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 2,9 mill. kroner.

Som følge av at enkelte folkehøgskular har ein dekningsgrad på mindre enn 50 pst. av godkjent internatkapasitet får dei redusert tilskot hausten 2024. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner som følge av dette.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 6,9 mill. kroner.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse hatt større inntekter mellom anna frå EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det som er lagt til grunn i saldert budsjettet. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 13,2 mill. kroner og ein tilsvarende auke i inntekter over kap. 3256, post 02.

Departementet foreslår vidare å auke løyvinga med 9,2 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjæret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 22,4 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har hatt høgare oppdragsinntekter frå EU-prosjekt i 2024 enn forventa. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 7,3 mill. kroner og tilsvarende auke inntektsløyvinga på kap. 3256, post 01.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Post 01 Inntekter frå oppdrag

Sjå omtale under kap. 256, post 21. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 7,3 mill. kroner og ein tilsvarende auke i utgifter over kap. 256, post 21.

Post 02 Inntekter frå refusjonar o.a.

Sjå omtale under kap. 256, post 01. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 13,2 mill. kroner og ein tilsvarende auke i utgifter over kap. 256, post 01.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

Post 70 Tilskot, kan overførast

Gjeldande løyving på posten er 167,9 mill. kroner, medan det er overført 160,7 mill. kroner frå 2023 til 2024. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner som følge av oppdatert anslag for utgiftsbehov på posten.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 26,4 mill. kroner. Redusert løyvingbehov skuldast i hovudsak færre deltakarar enn venta i forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne.

Kap. 260 Universitet og høgskular

Post 50 Statlege universitet og høgskular, kan nyttast under post 70

Infrastruktur Nytt vikingtidsmuseum

I 2022 blei prosjektet Nytt vikingtidsmuseum nedskalert, for å halde kostnadene under kontroll og for å unngå ytterlegare forseinkingar i flyttinga av samlingane i nytt bygg. Dette innebar at nokre funksjonar som ikkje påverkar tryggleiken til samlingane blei tekne ut av prosjektet, jf. Innst. 117 S (2022–2023) og Prop. 21 S (2022–2023). Universitetet i Oslo arbeider med å innhente ekstern finansiering for å ta inn igjen desse funksjonane. Dei omfattar mellom anna auditorium, kontorarbeidsplassar og skule- og undervisningsområde, som

opphavleg var planlagde inn i det eksisterande museumsbygget. Ein føresetnad for finansiering frå private bidragsytarar, er at nødvendig infrastruktur for å ta inn igjen desse funksjonane er på plass i bygget. Dette er infrastruktur som blei kuttet i det nedskalerte byggeprosjektet. På bakgrunn av dette, og fordi realisering av funksjonane i bygget vil auke samfunnsnytta av prosjektet, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 260, post 50 med 50 mill. kroner i 2024.

Husleigekompensasjon

Stortinget har vedteke at Universitetet i Oslo skal få 50 pst. husleigekompensasjon for universitetsareala i det nye klinikkbygget ved Radiumhospitalet, jf. Innst. 12 S (2023–2024) og Prop. 1 S (2023–2024). Universitetet skulle etter planen leige areala frå 1. mai 2024 og fekk i tråd med det auka løyvinga med 3,3 mill. kroner, tilsvarende 50 pst. av husleiga i åtte månader. Overtakinga av areala blei forsinka frå mai til september 2024. Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga til universitetet med 1,8 mill. kroner i 2024, tilsvarende den lågare husleiga.

Fordeling av midlar til oppfølginga av tiltak

i Meld. St. 19 (2023–2024) Profesjonsnære utdanningar over heile landet

I revidert budsjett for 2024 løyvde Stortinget 8,5 mill. kroner til universitet og høgskular for å følge opp tiltak i Meld. St. 19 (2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet*, jf. Innst. 447 S (2023–2024) og Prop. 104 S (2023–2024). Midlane blei teknisk plasserte på kap. 260, post 50 Statlege universitet og høgskular, men fordelte mellom både statlege og private universitet og høgskular. Dei private høgskulane sin del av løyvinga utgjør 1 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 260, post 50 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 260, post 70.

Oppsummering

Regjeringa foreslår å auke løyvinga over kap. 260, post 50 med 47,2 mill. kroner.

Post 70 Private høgskular, kan nyttast under post 50

Sjå omtale under post 50.

Oppsummering

Regjeringa foreslår å auke løyvinga over kap. 260, post 70 med 1 mill. kroner.

Kap. 270 Studentvelferd*Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.*

Norges Arktiske Studentsamskipnad (NAS) har fått tilskot til, bygd og opna nye studentbustadar på Elvesletta på Svalbard. Det var ein føresetnad at dei tidlegare studentbustadane i Nybyen skulle overførast til staten, jf. Prop. 1 S (2020–2021). I påvente av avgjerd om dette, har NAS kostnader til drift av bustadane, det vil seie kostnader til å ha tilkopla straum, vatn og generelt vedlikehald. Samskipnadslova slår fast at samskipnadane er eigne rettssubjekt. Det betyr at NAS ikkje er ein del av staten. Vidare slår lova fast at ein samskipnad skal tilby tenester til studentar tilknytta samskipnaden. Ein samskipnad kan berre i avgrensa grad tilby tenester til andre enn studentane. Slike andre tenester eller aktivitet skal gå med overskot og kome studentvelferda til gode. NAS er student-samskipnad for studentane ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), og kostnadene til drift av bustadane i Nybyen skal dermed ikkje gå ut over velferdstilbodet til desse studentane. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 0,4 mill. kroner i 2024 for å dekke meirkostnader knytt til drift av bustadane i påvente av ei avklaring av overføring av bustadane til ein statleg aktør. Departementet kjem tilbake til eventuell dekning av kostnader i 2025 i revidert budsjett for 2025. Det avheng av framdrift i saka med å overføre ansvaret for bustadane til staten.

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Utbetaling av tilskot til studentsamskipnadene som har fått tilsegner til byggeprosjekt blir gjort i tråd med framdrifta i prosjekta. Gjeldande løyving på posten er 954,1 mill. kroner. Prognosane frå Husbanken viser at utbetalingane av tilskot vil vere 928,5 mill. kroner i 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 25,6 mill. kroner. Det er vidare behov for å redusere tilsegnfullmakta frå 649,8 mill. kroner til 640,1 mill. kroner. Tilsegnfullmakta i 2024 skal dekke utbetalingar i framtida, det vil seie frå og med 2025, medan løyvinga på kap. 270, post 75 skal dekke utbetaling i 2024.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt*Post 50 Verksemdskostnader*

Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør betaler årleg Noregs kontingent til NORDUnet AS. NORDUnet AS organiserer samarbeidet mellom dei nordiske forskingsnetta. Departementet har tildelt Sikt 45,2 mill. kroner på posten i 2024. Sikt betaler kontingenten kvartalsvis, og utbetalinga for fjerde kvartal i 2024 står att. På grunn av valutaendringar må beløpet justerast. Sikt har betalt om lag 28,1 mill. kroner hittil for kontingenten i 2023, og det står att å betale om lag 9,5 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 273, post 50 med 7,7 mill. kroner.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70*

For å sikre midlar til planlagde prosjekt, foreslår departementet å auke løyvinga over kap. 275, post 21 med 0,5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275, post 70.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Sjå omtale under kap. 275, post 21.

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 285 Noregs forskingsråd*Post 55 Verksemdskostnader, kan overførast*

Departementet viser til omtale av den nye budsjettmodellen og innføring av bruttobudsjettering av Forskingsrådet i Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet. Her kjem det mellom anna fram at løyvinga til verksemdskostnader blir foreslått budsjettert på kap. 285, post 01 for driftsutgifter og post 21 for særskilde driftsutgifter frå og med 2025. Omlegginga av budsjettmodellen er i hovudsak ei teknisk endring i budsjetteringa. For midlar til drift vil dette innebere at det frå 2025 vil vere muleg å overføre inntil 5 pst. av eventuell unytta driftsløyving. I overgangen mellom 2024 og 2025 er det nødvendig med ei eiga fullmakt for at eventuelle unytta midlar til verksemdskostnader kan bli stilte til disposisjon for Forskingsrådet i 2025. På denne bakgrunn foreslår departementet at posten får stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak III.

Andre saker

Noregs forskingsråd blir bruttobudsjettert frå og med 1. januar 2025. I ny budsjettmodell for Forskingsrådet skal løyvinga på alle postar for tilskot budsjetterast med det som er venta å bli kontant utbetalt i løpet av det gjeldande budsjettåret. Det er lagt til grunn at midlane som Stortinget tidlegare år har løyvd til Forskingsrådet skal stillast til disposisjon for Forskingsrådet i bruttomodellen.

Forskingsrådet vil ved utgangen av 2024 ha tilskotsmidlar til forskning frå alle departementa på konsernkontoen sin som er løyvde i tidlegare år, men som kjem til utbetaling i 2025 eller seinare år. Tilskotsmidlane som står på Forskingsrådets konsernkonto ved utgangen av 2024 skal derfor tilbakeførast til statskassa i 2024 og inntektsførast på Finansdepartementets kap. 5309, post 29. Den delen av tilskotsmidlane som er venta å kome til kontant utbetaling i 2025, inngår i forslaget til løyvingar for 2025 medan resterande midlar inngår i forslag til tilsegnfullmakter for 2025 og vil bli utbetalt seinare år. Eit estimat frå Forskingsrådet tilseier at tilskotsmidlane på konsernkontoen vil utgjere 4,6 mrd. kroner ved utgangen av 2024.

Departementet foreslår derfor ei inntektsløyving på 4,6 mrd. kroner på kap. 5309, post 29 tilsvarende unytta tilskotsmidlar frå dei aktuelle departementa. Eit mogleg avvik mellom forslag til inntektsført beløp og faktisk motteke og inntektsført beløp vil bli omtalt i forklaringane til statsrekneskapen for 2024.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak*Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar*

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 3,2 mill. kroner. Om lag 285 000 kroner av løyvinga på posten er Noregs del av eit spleiselag for å dekke Ukrainas CERN-kontingent. Resten av endringa på posten skriv seg frå endringar i valutakurs og gjeld kontingentutbetalingane til fleire av dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 165,3 mill. kroner. Nedgangen skriv seg frå ein reduksjon i budsjettet til Horisont Europa-programmet som vart gjort i samband med midtvegs-evalueringa av EUs langtidsbudsjett.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Departementet foreslår å auke løyvinga med 47,2 mill. kroner. Auken skriv seg frå endringar i valutakurs.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å rammeoverføre 1,2 mill. kroner frå kap. 2410, post 01 under Kunnskapsdepartementet til kapittel 1618, post 22 under Finansdepartementet. Overføringa kjem som følge av at Lånekassen hadde eit mindreforbruk i si deltaking i steg ein av programmet Fremtidens innkreving.

Departementet foreslår vidare å auke løyvinga med 7,4 mill. kroner for berekna verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner.

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga dekker utgifter til framtidig konvertering av utdanningslån til utdanningsstipend. Studentar som bur heime har ikkje rett til å få lån omgjort til stipend. Departementet foreslår å auke

løyvinga med 10 mill. kroner som følge av at færre enn tidlegare lagt til grunn mister retten til omgjerding av stipend fordi dei bur heime.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 115,2 mill. kroner som følge av at den flytande renta på utdanningslån for 2024 blei 0,2 prosent-einingar høgare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2024.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 70 mill. kroner. Endringa skuldast ein auke i omfanget av renter som blir sletta av sosiale og økonomiske årsaka i høve til føresetnadene som blei lagt til grunn i gjeldande budsjett for 2024.

Post 74 Tap på utlån

Den observerte utviklinga så langt i år tyder på at omfanget av permanent overføring til Statens innkrevjingssentral av misleghaldne gjeldskrav blir lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2024. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 281,1 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak auka lån til skulepengar og tilleggsloan for søkjarar over 30 år. Andre endringar gjeld renteelement på posten.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Posten gjeld refunderte midlar til dekking av kostnaden ved å ettergi studielån for kvotestudentar

frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner som følge av mindreforbruk på posten.

Post 89 Purregebyr

Det ligg an til å bli fleire purringar enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett for 2024. Departementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner.

Post 90 Redusert lån og rentegjeld

Regnskapstal per 30. september tilseier at innbetalte avdrag på studielån blir lågare enn tidlegare lagt til grunn. Samstundes aukar innbetalinga av rentar frå tidlegare år. Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 459,2 mill. kroner.

Post 93 Omgjerding av utdanningslån til stipend

Posten dekker lån som blir omgjort til stipend ved avlagd eksamen og fullført grad. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 300 mill. kroner som følge av at det blir omgjort mindre lån til stipend på bakgrunn av avlagde eksamenar enn tidlegare lagt til grunn.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

Post 80 Renter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 461,2 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at den vekta flytande renta på utdanningslån for 2024 blei om lag 0,2 prosent-einingar høgare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2024.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Kunnskapsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Kunnskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Kunnskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
200		Kunnskapsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 398 277 000 til kr 405 241 000	6 964 000
201		Analyse og kunnskapsgrunnlag:	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med frå kr 52 073 000 til kr 41 073 000	11 000 000
220		Utdanningsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 408 732 000 til kr 416 396 000	7 664 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med frå kr 217 438 000 til kr 215 733 000	1 705 000
221		Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 17 012 000 til kr 17 271 000	259 000
222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 147 146 000 til kr 159 772 000	12 626 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 900 000 til kr 2 400 000	500 000
223		Diamanten skole:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 28 603 000 til kr 29 111 000	508 000
225		Tiltak i grunnsopplæringa:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 28 958 000 til kr 29 078 000	120 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	61	Rentekompensasjon for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert opplæring, blir redusert med frå kr 20 000 000 til kr 3 000 000	17 000 000
	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 144 713 000 til kr 154 332 000	9 619 000
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, blir redusert med frå kr 380 477 000 til kr 282 473 000	98 004 000
	65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 372 245 000 til kr 389 245 000	17 000 000
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk, blir redusert med frå kr 9 846 000 til kr 8 678 000	1 168 000
	74	Prosjekttilskot, blir redusert med frå kr 10 064 000 til kr 6 960 000	3 104 000
	75	Grunntilskot, blir auka med frå kr 108 316 000 til kr 108 701 000	385 000
228		Tilskot til private skular o.a.:	
	70	Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 837 485 000 til kr 3 978 263 000	140 778 000
	71	Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 127 617 000 til kr 2 151 239 000	23 622 000
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 152 104 000 til kr 155 529 000	3 425 000
	73	Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 154 388 000 til kr 153 705 000	683 000
	74	Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 23 054 000 til kr 25 692 000	2 638 000
	75	Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 515 696 000 til kr 571 965 000	56 269 000
	76	Andre private skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 67 320 000 til kr 70 406 000	3 086 000
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 35 382 000 til kr 50 654 000	15 272 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	81	Elevutveksling til utlandet, blir redusert med frå kr 2 345 000 til kr 428 000	1 917 000
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular, blir redusert med frå kr 108 346 000 til kr 93 346 000	15 000 000
229		22. juli-senteret:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 23 711 000 til kr 24 083 000	372 000
230		Statleg spesialpedagogisk teneste:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 628 299 000 til kr 635 465 000	7 166 000
242		Noregs grønne fagskule – Vea:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 33 805 000 til kr 34 584 000	779 000
253		Folkehøgskular:	
	70	Tilskot til folkehøgskular, blir redusert med frå kr 1 109 529 000 til kr 1 102 649 000	6 880 000
256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 454 417 000 til kr 476 777 000	22 360 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med frå kr 11 822 000 til kr 19 157 000	7 335 000
257		Kompetanseprogrammet:	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 167 910 000 til kr 157 910 000	10 000 000
258		Tiltak for livslang læring:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 82 334 000 til kr 55 934 000	26 400 000
260		Universitet og høgskular:	
	50	Statlege universitet og høgskular, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir auka med frå kr 43 081 290 000 til kr 43 128 462 000	47 172 000
	70	Private høgskular, <i>kan nyttast under post 50</i> , blir auka med frå kr 2 307 426 000 til kr 2 308 426 000	1 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
270		Studentvelferd:	
	74	Tilskot til velferdsarbeid o.a., blir auka med frå kr 89 305 000 til kr 89 705 000	400 000
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 888 543 000 til kr 862 917 000	25 626 000
271		Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 121 439 000 til kr 123 347 000	1 908 000
273		Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt:	
	50	Verksemdskostnader, blir redusert med frå kr 425 635 000 til kr 417 948 000	7 687 000
275		Tiltak for høgare utdanning og forskning:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir auka med frå kr 58 195 000 til kr 58 722 000	527 000
	70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med frå kr 71 565 000 til kr 71 038 000	527 000
284		Dei nasjonale forskingsetiske komiteane:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 21 206 000 til kr 21 550 000	344 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak:	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar, blir redusert med frå kr 385 864 000 til kr 382 655 000	3 209 000
	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, blir redusert med frå kr 4 956 035 000 til kr 4 790 714 000	165 321 000
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, blir auka med frå kr 1 494 552 000 til kr 1 541 716 000	47 164 000
2410		Statens lånekasse for utdanning:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 441 997 000 til kr 448 177 000	6 180 000
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 8 888 641 000 til kr 8 898 641 000	10 000 000
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 487 392 000 til kr 3 602 567 000	115 175 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 972 155 000 til kr 1 042 155 000	70 000 000
	74	Tap på utlån, blir redusert med frå kr 310 500 000 til kr 280 500 000	30 000 000
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 40 514 429 000 til kr 40 795 553 000	281 124 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3220		Utdanningsdirektoratet:	
	01	Inntekter frå oppdrag, blir redusert med frå kr 2 587 000 til kr 882 000	1 705 000
3222		Statlege skular og fjernundervisningstenester:	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med frå kr 21 909 000 til kr 31 144 000	9 235 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 358 805 000 til kr 222 920 000	135 885 000
3230		Statleg spesialpedagogisk teneste:	
	02	Salsinntekter o.a., blir redusert med frå kr 7 845 000 til kr 3 545 000	4 300 000
3256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Inntekter frå oppdrag, blir auka med frå kr 1 721 000 til kr 9 056 000	7 335 000
	02	Inntekter frå refusjonar o.a., blir auka med frå kr 29 345 000 til kr 42 545 000	13 200 000
5310		Statens lånekasse for utdanning:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 4 000 000 til kr 3 873 000	127 000
	89	Purregebyr, blir auka med frå kr 107 088 000 til kr 111 340 000	4 252 000
	90	Redusert lån og rentegjeld, blir redusert med frå kr 13 379 052 000 til kr 12 919 851 000	459 201 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	93	Omgjering av utdanningslån til stipend, blir redusert med	300 000 000
		frå kr 8 365 638 000 til kr 8 065 638 000	
5617		Renter frå Statens lånekasse for utdanning:	
	80	Renter, blir auka med	461 233 000
		frå kr 13 109 800 000 til kr 13 571 033 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan:

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	640,1 mill. kroner

III

Stikkordsfullmakt

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2024 kan tilføye stikkordet «kan overførast» til løyvinga under kap. 285 Noregs forskingsråd, post 55 Verksemdskostnader. Eventuell unytta løyving kan overførast og stillast til disposisjon over kap. 285 Noregs forskingsråd, post 01 Driftsutgifter i 2025.

=====

